

Årsmøte i Nordmøre spelmannslag

søndag 20. mars 2011, kl 1700 på Halså skule.

10 medlemmar til stades.

SAK 1 - OPNING

Leiar Magnar Alberg ønskte vel møtt og sette møtet.

Som møteleiar vart Magnar Alberg valt, og som referent vart Arnstein Brevik valt.

Til å skrive under møteboka vart Åsta Andreassen og Rolf Holte valt.

SAK 2 - ÅRSMELDING FOR 2010

Magnar gjekk gjennom årsmeldinga. Nokre småfeil vart retta opp, og dermed vart meldinga godkjent. Elles vart det ein del snakk om Fylkeskappleiken i 2012. Det var einigheit om at laget skulle ta på seg dette arrangementet. Daniel Dyrnes melder frå om dette.

SAK 3 - REKNESKAP FOR 2010

I kasserar Peder Hønsvik sitt fråver gjekk Arnstein Brevik gjennom rekneskapen. Rekneskapen er ikkje revidert enno.

Det vart spurt om laget har gjeve tilskot til Folkemusikkbladet, eventuelt skaffa annonsar. Dette blir teke opp med Peder når han kjem heim frå Spania.

Elles vart det litt att og fram om ymse utgifter og inntekter. Dette må det sjåast nærare på, og det gjeld særleg krav om utgiftsdekning frå NRK og musikalsk leiar si godtgjerdslø. Ulike mulegheiter til nye inntekter var òg framme i diskusjonen.

Rekneskapen vart godkjent under forutsetning av at revisorane ikkje har vesentlege merknader, og at revisjonsmelding blir lagt fram på eit seinare møte.

SAK 4 - INNKOMNE SAKER

Ingen saker var kome inn.

SAK 5 - PROGRAM FOR 2011

Musikalsk leiar Helge Husby hadde utarbeidd eit utkast til øvings- og aktivitetsplan fram t.o.m. sommaren 2012. Det vart ein grundig diskusjon om kva for aktivitetsnivå ein skulle leggje seg på utover året. Inntektsmulegheiter i samband med dette vart òg drøfta. Det var særleg spørsmål frå Todalen om ein konsert der inne i samband med 150-årsjubileet til Todalskyrkja i haust, og frå Aure historielag om ein konsert der, som var aktuelle. I tillegg kan Hilmarfestivalen koma i betraktning.

Vidare vart det gjort nokre justeringar på ein del datoar. Helge lagar ei revidert liste, og legg alt ut på nettsidene. Datoar for Todalen og Aure blir fastsett i same slengen.

SAK 6 - KONTINGENT

Kontingenten for 2011 blir sett til kr. 350,-

Dette er å forstå slik: Medlemmane betaler 350 kr og andelen til fylkeslaget og landslaget er inkludert i denne summen.

SAK 7 - BUDSJETT 2011

Årsmøtet var oppteke av å finne inntektsmulegheiter, og alle vart oppmoda om å undersøkje, kvar på sin kant, kva som kan vera aktuelt. Arbeidet med å utarbeide eit detaljert budsjett blir lagt på kasseraren, og det endelege budsjettet blir lagt fram på same møte som den revisjonsmeldinga.

SAK 8 - VAL

Desse vart valt:

Leiar Magnar Almberg 1 år

Kasserar Peder Hønsvik 2 år

Sekretær Arnstein Brevik 2 år

(I tillegg sit nestleiar Rolf Holte og styremedlem Solveig Sandvik - begge har 1 år att.)

Vara Åsta Andreassen 2 år (Hilde Bergfald har 1 år att.)

Revisorar Ikkje på val i år.

Utsending til årsmøtet i fylkeslaget (2012) Hilde Bergfald

Valnemnd Helga Eikrem og Helge Husby

Møtet slutt

kl 1855

AB ref.

Åsta Andreassen /s/

Rolf Holte /s/